

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Kjeholmen i Fitjar kommune.

Fylkesutvalet viser til rundskriv frå Riksantikvaren frå 2013 "Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven. Rundskriv - 27.09.2013 (endret 20.05.2014)" , som gjev klare signal om at dispensasjonshandsaming av freda hus skal vere løysingsorientert og ikkje leggje unødige band på bruk av den aktuelle eigedommen.

Fylkesutvalet meiner at fredinga må leggje vekt på at eksisterande bruk skal kunne vidareførast, eventuelt at det kan leggjast til rette for ny bruk og at forvaltinga skal vere imøtekommande ved endringar, til dømes ved endring av kjøken og våtrom.